



Møteprotokoll

Utval:	Levekårsutvalet
Møtestad:	Rådhuset, formannskapssalen
Dato:	10.06.2026
Tid:	kl 16:00 - 19:15

Faste medlemmer som møtte:

Namn:	Funksjon:	Representerer:
Otto Magne Strømmegjerde	Utvalsleiar	AP
Anita Vollstad	Nestleiar utval	FRP
Cecilie Naustenget	Medlem	FRP
Maria Moe	Medlem	H
Caroline Tusvik	Medlem	KRF
Therese Kristin Utgård Aas	Medlem	SP

Forfall:	Parti	Varamedlem	Parti
Svein Tore Sørård	FRP		
Alexander Sandnes	H		
Sveinung Vemøy	SP	Jørn Strømmegjerde	SP

Andre som møtte:

Henning Leiv Pilskog	Kommunalsjef helse
Kjetil Solem	Rådgivar oppvekst
Linda Nilsen Hovland	Kommunalsjef oppvekst
Odd Jostein Drotninghaug	Kommunalsjef samfunn
Silje Ramstad	Utvalssekretær
Therese Lefdalsnes Hole	Rektor Sykkylven ungdomsskule og vaksenopplæring

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-23/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS-24/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-25/26	Referatsaker
RS-12/26	Informasjon om status innan helseområde - tenester og bygg pr mai 2026
RS-13/26	Årsmelding 2025 - Sykkylven kommune
SP-04/26	Spørsmål til administrasjonen
PS-26/26	Endringar i vedtektene for Kvellaugfondet
PS-27/26	Kommunedelplan for idrett og friluftsliv - hovudrullering - planprosess
PS-28/26	Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sykkylven kommune
PS-29/26	Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026
PS-30/26	Søknad om utvida skjenkeareal - Bølgen Bar & Restaurant

23/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

10.06.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

LK - 23/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre.

24/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

10.06.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Det var ingen merknader til protokollen.

LK - 24/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

25/26 Referatsaker

10.06.2026 Levekårsutvalet

Behandling

LK - 25/26 Vedtak:

Referatsaker vert tatt til vitende.

12/26 Informasjon om status innan helseområde - tenester og bygg pr mai 2026

10.06.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Kommunalsjef helse Henning Pilskog informerte kort:

- TØRN-prosjektet er eit viktig satsingsområde innan helse, med særleg fokus på "den gode vakta" for både tilsette og dei som treng hjelp. Ei satsing frå KS og regjeringa. Prosjektet varer fram til sommaren 2027.
- Kommunen har sidan før påske ikkje hatt betalingspliktige pasientar på sjukehuset. Alle har kome tilbake til kommunen, mellom anna gjennom god tilrettelegging og bruk av ledige rom på BUAS.
- Ved Helsehuset er betalingsautomaten flytta til ein meir skjerma og eigna plass. Parkeringsplassane ved Helsehuset er asfalterte, og merking vil bli gjennomført.
- Ved BUAS er det planlagt ombygging av kjøkkenet for å gjere det meir effektivt og bedre for dei tilsette. Det skal også arbeidast vidare med garderobeforholda ved BUAS.
- Det blir sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå på flytting av administrasjonen på BUAS frå 2. etasje til tidlegare kontorlokale for heimetenestene. Det arbeidet kjem tidlegast i gang etter ferien.

LK - 12/26 Vedtak:

13/26 Årsmelding 2025 - Sykkylven kommune

10.06.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Saka er allereie vedteke i kommunestyret.

LK - 13/26 Vedtak:

04/26 Spørsmål til administrasjonen

10.06.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Spørsmål som vart stilt i møte:

- Søkjnadsprossen til kommunen. Utvalet har høyrte om fleire tilfelle der det tek lang tid før søkar får svar. Kommunen bør gi beskjed til søkarar om at prosessen er forsinka dersom det er tilfelle.
- Lang ventetid for legetime hos fastlege.

- Spørsmål om velferdsteknologi.

Kommunalsjef helse, Henning Pilskog svarte ut spørsmål om ventetid hos fastlege og velferdsteknologi. Spørsmål/innspeil om søknadsprosessen til kommunen blir sendt over til HR.

LK - 04/26 Vedtak:

26/26 Endringer i vedtektene for Kvellaugfondet

10.06.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Jørn Strømmegjerde stilte spørsmål om habilitet som styreleiar i Kvellaugfondet. Han har vore med å utarbeida vedtektene.

Han vart samrøystes vedteke inhabil og gjekk frå under behandlinga.

Kommunalsjef samfunn Odd Jostein Drotninghaug la fram nokre endringar i vedtektene.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke, med endringar i vedtektene lagt fram av kommunalsjef.

LK - 26/26 Vedtak:

Tilråding frå levekårsutvalet:

Sykkylven kommune godkjenner nye vedtekter for Kvellaugfondet.

27/26 Kommunedelplan for idrett og friluftsliv - hovudrullering - planprosess

10.06.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Kommunalsjef samfunn, Odd Jostein Drotninghaug svara på spørsmål.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

LK - 27/26 Vedtak:

Sykkylven kommune skal i tråd med PBL § 4-1 og 4-2, samt §11-2, 11-4 og §11-12, revidere kommunedelplan for idrett og friluftsliv.

Det blir lagt opp til følgjande **planprosess**:

Juni: Vedtak og kunngjering om oppstart av planarbeid

August: Oppstartsmøte - i samarbeid med MRIK.

August/september: Lokale arbeidsmøter med nokre idrettslag

September: Utarbeiding av dokument for off. høyring

September/oktober: Offentleg høyring 6 veker

November: Sakshandsaming etter offentleg høyring

November/Desember: Politiske vedtak

28/26 Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og Sykkylven kommune

10.06.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Kommunalsjef helse Henning Pilskog orienterte og svare på spørsmål.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

LK - 28/26 Vedtak:

Tilråding frå levekårsutvalet:

1. Sykkylven kommune vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, Pkt 5.2.1.a for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd :

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkisjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

29/26 Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026

10.06.2026 Levekårsutvalet

Behandling

Rådgivar oppvekst Kjetil Solem og kommunalsjef oppvekst Linda Hovland orienterte og svarte på spørsmål.

Rektor ved Sykkylven ungdomsskule og vaksenopplæring, Therese Lefdalsnes Hole, og lærar Frode Hjelmevoll svarte også på spørsmål frå utvalet.

Samrøystes vedtak som kommunedirektøren, med tillegg frå ungdomsrådet og rådet for personar med funksjonsnedsetting.

LK - 29/26 Vedtak:

Tilråding frå levekårsutvalet:

1. Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026 vert teken til vitande.
2. Følgjande område skal prioriterast det komande skuleåret:
 - Trygt og godt skulemiljø med låg terskel for tiltaks- og aktivitetsplanar, og styrka samarbeid med føresette og støttetjenester.
 - Språk- og lesekompetanse med systematisk språkarbeid med leseferdigheiter. Skulane skal ha særleg fokus på å vidareføre arbeidet med tilpassa opplæring i lesing og tilpassa opplæring i norsk som andrespråk. Leseferdigheiter og språkutvikling grip inn i alle fagområda. Kommunen bør prioritere eit eige område/møterom på ungdomsskulen for å fremme leseglede og inkludering.
 - Inkluderande praksis og tidleg innsats; kompetanseheving og tverrfagleg oppfølging av elevar med behov for tilrettelegging.
3. Tilstandsrapporten skal leggjast fram for samarbeidsutval/FAU på dei ulike skulane ved oppstart av nytt skuleår.
4. Sykkylven si målsetting om reduksjon i behovet til ITO må ikkje gå utover barns rettigheter i CRPD Artikkel 24: Alle har rett til å lære og bruke evnene sine.

30/26 Søknad om utvida skjenkeareal - Bølgen Bar & Restaurant

10.06.2026 Levekårsutvalet

Behandling

På førre møte i levekårsutvalet vart det bestemt at skjenkesaker skal leggjast fram med vurdering om krava til universell utforming er oppfylt. Det skal kome fram av saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med følgjande:

"Under føresetnad av at arealet er vurdert og krava til universell utforming er oppfylt, gjer levekårsutvalet slik tilråding"

LK - 30/26 Vedtak:

Under føresetnad av at arealet er vurdert og krava til universell utforming er oppfylt, gjer levekårsutvalet slik tilråding:

1. Bølgen Bar & Restaurant org.nr 935726727, får utvida skjenkeareal mot sjøen med areal nedanfor terrassen/restauranten og langs kaikanten, slik det går fram av vedlagte skisse. Mot nord vert utandørs skjenkeareal endra frå 10 x 15 meter, til ca 13 x 15 meter. Det skal vere 1 meter frå vegen til skjenkearealet (gjerde ev. telt). Jf. vedlagt skisse, der utvida areal er markert med blå skravering.
2. Alt utandørs skjenkeareal skal vere innegjerda, eller vere i telt.
3. Elles gjeld løyvet slik det er gitt i K-sak 50/25, og delegert sak 427/25.
4. Minner om politivedtektene sine bestemmelser om nattero etter kl. 2300. Dette gjeld også skjenkestadane sitt uteareal.